

KOMMISJONSVEDTAK**av 3. juli 1998****om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til etterspenningsutstyr til forspente konstruksjonar(*)***[meldt under nummeret K(1998) 1506]***(98/456/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLEŠSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellešskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

I samband med samsvarsattestering av ei vare må Kommisjonen velje den av dei to framgangsmåtane i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF som «er minst kostnadskrevene og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten». Dette tyder at det for ei viss vare eller varegruppe må avgjerast om det er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattestering at det ved fabrikkens finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det er naudsynt å nytte eit godkjent sertifiseringsorgan for å rette seg etter dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.

Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, først opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definerast slik dei vert nytta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.

Dei to framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF, er utførleg omtala i vedlegg III til direktivet. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved tilvising til vedlegg III, etter kva metodar dei to framgangsmåtane skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegg III.

Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg tilsyn og andre og tredje alternativ, medan framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 i) og i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ med jamleg tilsyn.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dei varene som er oppførde i vedlegg I, skal samsvarsattesterast etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som produsenten gjennomfører ved fabrikkens, vert nytta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjøve vara.

Artikkel 2

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg II skal gå fram av mandata for retningslinjer for europeisk teknisk godkjenning.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 3. juli 1998.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne felleškapsrettsakten, kunngjort i EFT L 201 av 17.7.1998, s. 112, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 52/1999 av 30. april 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Felleškaps Tidende.

(¹) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(²) TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

VEDLEGG I

Etterspenningsutstyr til forspente konstruksjonar.

VEDLEGG II

VAREGRUPPE

ETTERSPENNINGSUTSTYR TIL FORSPENTE KONSTRUKSJONAR**1. System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar	System for samsvarsattestering
Etterspenningsutstyr	Til forspente konstruksjonar	—	1+

System 1+: Sjå direktiv 89/106/EOF vedlegg III nr. 2 i), med stikkprøvekontroll utført ved fabrikk.

2. Vilkår som EOTA skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattestering skal spesifiserast

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EOF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.

KOMMISJONSVEDTAK**av 3. juli 1998****om prøving etter SBI-metoden (Single Burning Item - «Enkelt brennende gjenstand») som er nemnd i artikkel 20 i rådsdirektiv 89/106/EØF om byggevarer(*)***[meldt under nummeret K(1998) 1743]***(98/457/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 20, og

ut frå desse synsmåtane:

Ulikskapar mellom medlemsstatane når det gjeld prøvingsmetodar og klassifiseringssystem for yting ved brannpåverknad gjer at harmonisering kan skje berre ved at det vert vedteke eit felles klassifiseringssystem som byggjer på godkjende prøvingsmetodar, og som skal nyttast i heile Fellesskapet.

I artikkel 3 nr. 2 i direktiv 89/106/EØF er det fastsett at kvart grunnleggjande krav kan delast inn i ytingsklassar for å ta omsyn til ulike verneivå med omsyn til byggverk.

I punkt 4.3.1.1 i basisdokument nr. 2 i kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF⁽³⁾ er det fastsett at det skal utarbeidast ei harmonisert løysing som gjer det mogleg å vurdere på felles grunnlag kva yting varene har ved brannpåverknad, og at løysinga kan innebere prøving i full skala eller i laboratorium som svarar til aktuelle scenario frå verkelege brannar.

Løysinga ligg i eit klassifiseringssystem likt det som Kommisjonen vedtok ved vedtak 94/611/EF⁽⁴⁾.

I tabell 1 i vedlegget til vedtak 94/611/EF er det vist til «SBI-forsøket» som krevst for prøving av byggevarer i klasse B, C eller D til vegger og tak, medrekna overflater, bygningsdelar,

varer som inngår i bygningsdelar, komponentar til røyr og kanalar og byggevarer til fasadar eller yttervegger.

Ulikskapar i det utstyret som vert nytta til prøving av yting ved brannpåverknad, kan føre til ulike prøvingsresultat. For å sikre at prøvingsresultata vert dei same i heile Fellesskapet, må det fastleggjast ei felles oppstilling for det prøvingsutstyret som skal nyttast med SBI-metoden.

Grunnlaget for å fastleggje ei felles oppstilling for prøvingsutstyret for SBI-metoden er den granskinga som er gjord på vegner av Kommisjonen av gruppa av offisielle laboratorium, som har utforma den best eigna oppstillinga etter å ha granska korleis ulike oppstillingar stettar krava til prøving av yting ved brannpåverknad i vedtak 94/611/EF.

Den valde SBI-oppstillinga har vore underlagd eit prøvingsprogram ved fleire laboratorium som har omfatta ei lang rekkje byggjemateriale.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Ved klassifisering av byggevarer med omsyn til ytinga deira ved brannpåverknad skal prøvingsutstyret for SBI-metoden (Single Burning Item — «Enkelt brennende gjenstand»), som er nemnd i tabell 1 i vedlegget til vedtak 94/611/EF, vere i samsvar med den oppstillinga som er oppført i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferdar i Brussel, 3. juli 1998.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 201 av 17.7.1998, s. 114, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 52/1999 av 30. april 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

⁽³⁾ TEF C 62 av 28.2.1994, s. 23.

⁽⁴⁾ TEF L 241 av 16.9.1994, s. 25.

VEDLEGG

PRØVINGSOPPSTILLING FOR SBI-METODEN

1. **Generelt**

Det skal gjerast full greie for prøvingsanlegget for SBI-metoden i ein komande europeisk standard.

Heile prøvingsanlegget for SBI-metoden (medrekna det omliggjande prøvingskammeret) skal vere det same i alle tilfelle, med atterhald for eventuelle tillatne variasjonar (t.d. toleransar) som skal takast med i den komande europeiske standarden.

2. **Prøvingsprinsipp**

Eit prøveeksemplar der to loddrette delar utgjer eit rettviokla hjørne, vert utsett for flammen frå ein brennar som er plassert nedst i hjørnet. Flammen vert danna ved forbrenning av propangass som vert sprøyt inn gjennom ein sandkasse.

Etter at brennaren er tend, skal følgjande parametar registrerast for brannutviklinga til prøveekemplara: tenningstid, flammespreiing, røykutvikling og glødande dråpar eller partiklar.

3. **Prøvingsanlegg**

Prøvingsanlegget for SBI-metoden er samansett av eit prøvingskammer, prøvingsutstyr for SBI-metoden (vogn, ramme, brennarar, avtrekkshette, oppsamlar og røyr), tilførselssystem for propangass, røykventilasjonssystem og vanleg måleutstyr.

Nøyaktige spesifikasjonar og nøyaktig oppstilling av prøvingsanlegget skal fastsetjast i den komande europeiske standarden som er nemnd i nr. 1. Dei viktigaste komponentane vil vere:

3.1. *Prøvingskammer*

- Innvendige mål:
 - høgd: $2,4 \pm 0,1$ m (oversida av ramma),
 - grunnflate: $3,0 \pm 0,6$ m i begge retningar.
- Vindauge: vindauge i dei to veggene som vender mot dei to loddrette prøveflatene.
- Ein vegg med opning til vogna; avstanden mellom vogna og sideveggene er $\approx 0,5$ m.
- Når vogna er på plass, skal opningane i prøvingskammeret vere høgst $0,05 \text{ m}^2$, bortsett frå i luftinntaket under vogna og i røykavtrekket i avtrekkshetta.

3.2. *Prøvingsutstyr*

Prøvingsutstyret for SBI-metoden er samansett av:

- a) Ei vogn der to loddrette delar av prøveeksemplaret skal plasserast. Den første sandkassebrennaren skal plasserast nedst i den vinkelen som vert danna av dei loddrette delane. Vogna skal plasserast slik at baksida lukkar opninga i veggen til prøvingskammeret. Luftinntaket under golvet i vogna skal ha perforerte plater som skal syte for ei jamn luftgjennomstrøyming langs golvet i prøvingskammeret.
- b) Ei fastmontert ramme som vogna vert skoven inn i, og som støttar avtrekkshetta; den andre brennaren skal festast til denne ramma.

- c) Ei avtrekkshette som er plassert oppå ramma, og som samlar opp forbrenningsgassane.
- d) Ein oppsamlar som er montert oppå avtrekkshetta, og som har vannrett avtrekksopning; leieplatene nedst i oppsamlaeren hindrar at straumen i hetta vert for ujamn.
- e) Eit målerøyr med fastsette mål og fastsett oppstilling.

Utstyret skal kunne romme prøveeksemplar som er opptil 200 mm tjukke.

3.3. Brennarar og tilførselssystem for propangass

- a) Prøvingutstyret inneheld to identiske sandkassebrennarar, den eine er plassert på botnplata i vogna, og den andre er montert på ein av rammestolpane; dei har følgjande spesifikasjonar:
 - Utforming: rettvinkla trekant (sett ovanfrå) med like sider som er 250 mm lange; høgd 80 mm; lukka på undersida bortsett frå eit røyruttak på 1/2" i tyngdepunktet, open på oversida; måla kan vere ± 2 mm.
 - Kasse framstilt av 1,5 mm rustfritt stål, fylt med eit 60 mm lag med grus (storleik 4-8 mm) i botnen og eit 20 mm øvre lag med «sand» (2-4 mm); dei to laga skal stabiliserast av eit nett av metalltråd, som òg skal hindre at grusen trengjer inn i gassrøyrret; laga kan vere ± 2 mm tjukke.
 - Plassering:
 - den første brennaren skal monterast på plata og koplast til U-profilen under prøveeksemplaret,
 - den andre brennaren skal monterast på stolpen overfor hjørnet der prøveeksemplaret er plassert, med oversida av brennaren i ei høgd på $1\,450 \pm 5$ mm frå golvet (1 000 mm loddrett avstand til avtrekkshetta); diagonalen til den andre brennaren skal vere parallell med og nærast diagonalen til den første brennaren; dei to vinklane på 45° skal ha ein avstand på 700 ± 5 mm frå prøveeksemplaret.
- b) Prøveeksemplara skal vernast mot varmestraumen frå flammene til den andre brennaren av eit skjold med fastsette materiale og fastsett oppstilling.
- c) Brennarane skal vere utstyrde med ei tenningsinnretning, t.d. ein sikringsflamme eller glødetråd.
- d) Propangassen skal ha ein reinleik på minst 95 %. Propanen skal tilførast gjennom ein massestråmregulator som stettar fastsette krav.

3.4. Røykventilasjonssystem

Røykventilasjonssystemet må stette dei krava som skal fastsetjast i den komande europeiske standarden som er nemnd i nr. 1.

3.5. Vanleg måleutstyr

Reglane for måleutstyr (med omsyn til type, yteevne og plassering) skal førast opp i den komande europeiske standarden som er nemnd i nr. 1.

4. **Prøveeksemplar**

Prøveeksempelret er samansett av to delar — ein lang og ein kort — som dannar eit hjørne.

Prøveeksempelara av plateforma og samansette varer skal ha følgjande overflatemål:

- a) kort del: $495 \pm 5 \text{ mm} \times 1\,500 \text{ mm} \pm 5 \text{ mm}$,
- b) lang del: $1\,000 \pm 5 \text{ mm} \times 1\,500 \text{ mm} \pm 5 \text{ mm}$.

Prøveeksempelar av andre varetypar, t.d. kablar, røyr, kanalar, slangar og lausfyll-isolasjon, skal skaffast og monterast på ein måte som svarar til den praktiske bruken deira, og som det vil verte gjort full greie for i ein komande europeisk standard.

Når det er føremålstenleg, skal varene monterast til eit underlagsmateriale på ein måte som svarar til den praktiske sluttbruken deira. Underlagsmaterialet og framgangsmåtane for montering skal vere i samsvar med dei spesifikasjonane som skal fastsetjast i ein komande europeisk standard.

Varene skal festast til eit nærmare fastlagt underlag og tilpassast i samsvar med føresegnene i ein komande europeisk standard.

Dei monterte delane av prøveeksempelret skal plasserast loddrett i vogna og merkjast med vassrette og loddrette strekar. Desse framgangsmåtane skal fastsetjast i ein komande europeisk standard.

5. **Prøvingsmetode**

Prøvingsmetoden, medrekna kalibrerings- og monteringsreglar og driftsvilkår, og parametrane som skal målast, skal fastleggjast nærmare i ein komande europeisk standard.
